

Haustetilrådingar per 1.okt 2013 (etter prøveuttaking 30.sept)

NLR avd. Njøs og Sognefrukt har denne gongen kun teke ut nye prøvar av (Raud) Aroma då dei andre sortane alt er hausta/ i ferd med å bli hausta. Prøvane er tekne ut frå nokre representative hagar som ei generell rettleiing til dykk. De må ut i frå dette sjølve relatere til utviklinga i eigen hage og kontrollere frukta dykkar litt sjølv før hausting og levering.

Ver merksam på krav frå Bama også m.o.t. til grunnfarge på hausta produkt; (Raud) Aroma skal alle ha lys grunnfarge ved hausting, minimum 3 på skalaen ut i frå fargemalane til Ctifl. Fargemalen kan de få ved å henvende dykk til Sognefrukt.

Raud Aroma/ Aroma

Det er teke ut prøvar frå Slinde, Leikanger, Sogndal, Vangsnes og Feios. Stiveverdiane har endra seg raskt sidan sist testing; i løpet av ei veke er dei endra med 1 heil verdi på tidlege stader. Epla er enno litt faste, men både sukker og grunnfarge er byrja å koma på plass. Ein kan starta utor plukking på tidlege stader mot helga om grunnfargen er på plass! Ein god indikasjon er også om frukta smakar godt! Seinare stader kan truleg starthaustast frå over neste helg, men me tek nye prøvar på komande måndag frå desse hagane.

Det er meldt mildare og fint vèr frametter, så utviklinga vil skje raskt. Vèr difor svært merksam på utviklinga i eigen hage. Sjekk unge tre, tre med svake grunnstammer og/eller lite avling først, då desse vil modna først. Frukta bør haustast i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet.

Me gjer merksam på at alle prøvane me har teke ut er frå Raud Aroma, men utviklinga på "vanleg" Aroma vil truleg vera ganske lik. Den gule Aroma'en bør haustast i turrvèr, så planlegg slik at den haustast i finvèr/opplett. Den får ellers lett fingermerker frå haustinga.

Me tek ut nye prøvar av (Raud) Aroma på seine stader på måndag 7.oktober. Det vil bli siste prøvetaking for i år.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498